

## Workshop om ny opplæringslov 11.04.2024

**Inviterte:** Skuleleiinga ved grunnskular, vidaregåande skular og vaksenopplæring, PPT-tilsette, kommunalleiarar og rådgjevarar for oppvekst og representantar frå Statsforvaltaren i Vestland, etter påmelding.

**Kvar:** Quality Hotel Sogndal, Gravensteinsgata 5.

**Tidspunkt:** Torsdag 11.april kl 09.00- 15.00. Registrering frå kl 8.40

**Pris:** 619 kr for dagpakke pr. pers som vert fakturert kommunane i etterkant

### Litt om bakgrunnen for dagen:

Ny opplæringslov trer i kraft 1. august 2024. Lova er det sentrale rettslege rammeverket for at skulen skal lykkast med det viktige samfunnsoppdraget sitt. Fellesskulen er ein del av grunnmuren i den norske velferdsstaten og legg til rette for at alle barn skal få lik tilgang til utdanning uavhengig av kvar dei bur, sosial bakgrunn, kulturell og etnisk bakgrunn, funksjonsevne, seksuell orientering og kjønn. Opplæringslova skal vere eit solid rammeverk som sikrar alle ei opplæring av høg kvalitet, eit trygt læringsmiljø, og medverknad i forhold som gjeld ein sjølv. Mykje av innhaldet i dagens lov blir vidareført, men lova har fått ein heilt ny struktur og nye nemningar.

I den nye opplæringslova blir retten til spesialundervisning eller individuelt tilrettelagt opplæring delt i tre rettar for eleven. Dette er fysisk tilrettelegging/tekniske hjelpemiddel, personleg assistanse og individuelt tilrettelagt opplæring. Spesialundervisning er eit av områda der kommunane sjølv har rapportert om at dagens lov har vore vanskeleg å følgje. I samlinga i Sogndal vil vi derfor gå grundig gjennom dette kapittelet, slik at alle blir godt kjent med dei nye omgrepa og kva som ligg i dei. I denne økta har vi også lagt opp til eit par «summeoppgåver» i form av påstandar undervegs for å reflektere litt rundt kva praksis ein har i kommunen, opp mot det som blir gjennomgått.

Når det gjelder elevane si rett til eit trygt og godt skulemiljø og skulen si aktivitetsplikt, så blir det kapittel 12 i den opplæringslova som regulerer dette. Altså heiter det ikkje lenger kapittel 9A når vi kjem til august. Føremålet med den nye opplæringslova å få ei oppdatert lov som er meir tilgjengeleg, tydeleg og forståeleg, samtidig som ho også er betre tilpassa det noverande og framtidige samfunnet, og kvardagen i opplæringssektoren i Noreg. Føremålet med aktivitetsplikta er å sikre at skulene handlar raskt og riktig når ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

I den nye opplæringslova blir lovverket om skulemiljø og aktivitetsplikta i hovudsak vidareført, med nokre språklege og strukturelle justeringar.

Evaluering viser at talet på elevsaker som blir følgd opp systematisk i skulen, har auka i etterkant av innføringa av den såkalla aktivitetsplikta. Evalueringa viser også at skulane i all hovudsak tar raskare tak i situasjonar med mistanke om at elevar ikkje har det trygt og godt på skulen enn tidlegare. Denne evalueringa som viser at lovverket i mange saker fungerer etter intensjonen, er noko av grunnen til at lovverket blir vidareført utan dei store endringane.

På samlinga i Sogndal vil vi sjå på dei små endringane som blir gjort i lovverket på dette feltet, men hovuddelen av økta om skulemiljø vil bli gjennomført i grupper. I gruppene skal de få drøfte ulike problemstillingar og spørsmål knytt til nokre delar av aktivitetsplikta, og så vil vi etterpå ha ein dialogbasert gjennomgang av desse oppgåvene i plenum.

**Program:**

- 08.40-09.00 Registrering og kaffi/te/snacks
- 09.00-09.05 Velkommen v/ Kenth Rune Teigen Måren, leiar for Kompetanseregion Sogn (kommunalsjefnettverket for oppvekst) og Ingrid Steine Bortne, programleiar for System for styrka læring
- 09.05-11.00 Kap.11- Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging v/ Statsforvaltaren
- 11.00-11.30 Innleiing til kap.12 – Skulemiljøet til elevane v/ Statsforvaltaren
- 11.30-12.15 2-rettars lunsj
- 12.15-13.45 Workshop om kap 12 – Skulemiljøet til elevane v/ Statsforvaltaren
- 13.45-14.00 Open post. Spørsmål kan sendast inn til Ingrid på førehand eller løftast i møtet. Dei spørsmåla me ikkje får tid til kan svarast ut ved Statsforvaltaren skriftleg i etterkant
- 14.00-15.00 Etterarbeid i form av gruppecase. Vegen vidare og evaluering v/ kompetanseregionen. Det er viktig at alle blir med fram til kl 15.

Det vert lagt inn eit par småpausar etter behov.

**Førebu deg til workshopen:**

1. Gjer deg litt kjend med den nye opplæringslova
2. Ta med eigen pc
3. Send inn evt. spørsmål til open post på førehand til [ingrid.steine.bortne@sogndal.kommune.no](mailto:ingrid.steine.bortne@sogndal.kommune.no)

**Velkommen! Me ser fram til å sjå deg!**

Med helsing, på vegne av leiar av rektornettverket og Kompetanseregion Sogn

Ingrid Steine Bortne

Programleiar barnehage- og skuleutvikling

Sogn kommunalt oppgåvefelleskap (KO)

Tlf 48 25 03 06

[Fagnettverk i Sogn](#)